

REFERAT

NORGES KLATREFORBUNDS TING

1.-2. APRIL 2006

Norges Klatreforbund arrangerte ordinært ting 1.-2. april 2006 på Rica Park Hotell i Stavanger. Tinget vart satt lørdag 1. april kl. 11:00 og avslutta søndag 2. april kl. 16:00. Det var møtt fram 40 personar til NKF:s sjette ting.

SAK 1 Godkjenning av dei frammøtte representantane

Det var opprop på dei frammøtte representantane og følgjande vart godkjend av tinget til å ha tale-, forslags- og stemmerett.

Frå styret:

- | | | |
|---|--|-------------|
| 1. Lars Christian Stendal | Bergen Klatreklubb | Leder |
| 2. Christopher Brodersen | Tromsø Klatreklubb | Nestleiar |
| 3. Vivian Iren Hansen | Mosjøen Klatreklubb | Styremedlem |
| 4. Gisle Andersen | Bergen Klatreklubb | Styremedlem |
| 5. Stein Tronstad | Tromsø Klatreklubb | Styremedlem |
| 6. Sofie Haughom, Narvik Klatreklubb | var vararepresentant for styremedlem Leif Landsverk. | |
| 7. Monica Vaksdal, Bratte Rogalands Venner, | var vararepresentant for styremedlem Jan Eivind Danielsen. | |

Frå klubbane:

- | | |
|-------------------------------------|----------------------|
| 8. Hammerfest Klatreklubb | Ronny Holm |
| 9. Bergen Klatreklubb | Gunnar Karlsen |
| 10. Haugaland Klatrelag | Rudi Schöder |
| 11. Kongsberg K3 Klatreklubb | Bjørn Balle |
| 12. Kolsås Klatreklubb | Linett Eriksen |
| 13. Kolsås Klatreklubb | Irene Andersen |
| 14. Tromsø Klatreklubb | Berit Berg |
| 15. Honningsvåg T&IF – klatregruppa | Eirik Lingjærde |
| 16. NTNUI-Tindegruppa | Karsten Haugen |
| 17. NTNUI-Tindegruppa | Thomas Horgen |
| 18. Siggerud Klatreklubb | Erik Rishaug |
| 19. Siggerud Klatreklubb | Nina Korsmo |
| 20. Hedemarken Klatreklubb | Sissel Kjøglum |
| 21. Bodø Klatreklubb | Erlend Broback |
| 22. Orkla Klatreklubb | Ronald Lindberg |
| 23. Drammen Klatreklubb | Lene Gruer |
| 24. Midt-Troms Tindegruppe | Bent-Vidar Eilertsen |
| 25. Ski Klatreklubb | Even Bergseng |
| 26. Tomrefjord Klatreklubb | Frode Lid |
| 27. Lofoten Tindeklubb | Bjørn Kirkhaug |
| 28. Rana Klatreklubb | Tine Annika Dahlen |

I alt 28 med stemmerett.

Følgjande vart av tinget godkjende til å ha tale- og forslagsrett:

Siggerud Klatrekklubb
Hedemarken Klatrekklubb
Tomrefjord Klatrekklubb
Midt-Troms Tindegruppe
Kolsås Klatrekklubb
Haugaland Klatrarlag

Kim Simonsen
Sissel Aronsen
Eivind Nakken
Aksel Sveum
Karl-Jakob Tholfsen
Børge Skeiseid

Valkomiteen
Klubbutviklar
Generalsekretær
Utviklingskonsulent
Magasinet Klatring
Utdanningskomiteen

Are Mellem
Iver Martens
Siri Drageset
Bjørg Liljedal
Dag Hagen
Geir Grimeland

I alt 12 med tale- og forslagsrett.

Sak 2 Godkjenning av saksliste og forretningsorden

Vedtak:

Den utsendte sakslista og forretningsordenen vart godkjend.

Sak 3 Val av ordstyrar, sekretær, redaksjonskomité og representantar til å underskrive protokollen

Vedtak:

Til å ivareta tingets ulike funksjonar vart følgjande einstemming vedtatt:

Ordstyrar: Christopher Brodersen og Irene Andersen
Sekretær: Siri Drageset og Bjørg Liljedal
Redaksjonskomité: Geir Grimeland, Sissel Kjøglum og Eirik Lingjærde
Underskrive protokollen: Gunnar Karlsen og Berit Berg

Sak 4 Behandling av årsrapport for tingperioden 2004-2006

Styrets årsmelding vart gjennomgått av leiaren i NKF, Lars Christian Stendal. Stendal poengterar det arbeidet som er lagt ned av styret og administrasjonen. Det blir lagt ned mykje frivillig arbeid i styret, mellom styremøta, og styrets varamedlemmer møter til kvart styremøte og har eigne ansvarsområde. Stendal hadde ein gjennomgang av NKF sine mål og visjonar. Det har skjedd ei stor endring i medlemstal og auke i antal aktive i NKF. På førre ting var det 7.022 registrerte medlemmer fordelt på 122 klubbar, i dag har talet stege til 9.671 fordelt på 149 klubbar. Styret og administrasjonen jobbar framleis med NKF:s hovudmål som retningslinjer; "I 2010 skal NKF oppfattas som ein uvurderleg støtteorganisasjon for alle klatrar i Norge".

Det er dei minste og nyoppstarta klubbane som får, og trenger mest hjelp av NKF, dette sett i forhold til dei større sjølvdrivne klublene.

Ressursbruken var budsjettet i 2005 til kr 700.000, - på administrasjon/styre, kr 500.000,- til konkurransekomiteen. Resten av midlane, på ei total omsetting for 2005 på 4,1 millionar, går indirekte og direkte ut til klubbane i form av klubbutviklingstiltak, sikkerhetsarbeid, arbeid med trenarutdanning, etc. Inntektene i framtida er usikre, automatmidlane vil vere ut 2006 og truleg og for 2007. Sponsorinntekter er vanskeleg å få tak i, eller kanskje vi berre ikkje har vore flinke nok.

Administrasjon. Siri og sivilarbeidarane og klubbutviklarane har gjort ein god jobb. Siri har gjort ein veldig god jobb og treng ein sparringspartner på kontoret, blant anna til avlastning på arbeidsoppgåver samt det å leite etter fleire pengesekkar. Bjørg Liljedal er tilsett i NKF frå og med 1. juni.

Hovudoppgåver denne tingperioden har vore:

- ❖ Bratt kort – justering av systemet
- ❖ Nettsida – jobbar stadig for at denne skal bli ei meir attraktiv side for klatrarane. Her er potensialet stort og blant anna diskusjonssidene bør bli tatt meir aktivt i bruk.
- ❖ Klubbutvikling – har vore eit av NKF hovudprosjekt dei siste to åra og har gitt NKF myke tilbake med tanke på service, nærheit og sikkerhet ut til klubbane.
- ❖ Anlegg – her er det nye tankar for rehabilitering og utbygging av eksisterande anlegg samt Rebolteprosjektet.
- ❖ Sikkerhet – NKF og forfattar Stein Tronstad har gitt ut boka "Innføring i klatring".
- ❖ Samfunnsansvar – NKF jobbar mykje med det å ta eit samfunnsansvar.

Oppsummert har NKF denne tingperioden fått fleire nye klubbar, mange fleire medlemmar, langt betre økonomi og auka innsatsen mot klubbane.

NKF er verkeleg på veg mot målet i 2010!

Komiteane sine årsmeldingar

Konkurranse komiteen

Presentert av leiaren for komiteen, Gisle Andersen.

Landslaget. Her har det vore ei utfordring med tanke på det treningsfaglige og samlingar. Hovudmål til komiteen har vore: "La utøvarane bli best mulig. Utøvarane i sentrum". Det er kome forslag på å dele ansvaret for komiteen i to, ein med ansvar for konkurranse og ein med ansvar for toppidrett. Komiteen og NKF må ut og skaffe profesjonell kompetanse på ulike fagfelt. Meir og meir av jobben bør setjast vekk til fagfolk og bli profesjonalsert.

Kommentarar:

Irene Andersen: Korleis blir komiteane etablert?

Gisle Andersen: Uformell danning av komiteane. Formell / uformell bygging av nettverk.

Berit Berg: Stiller spørsmål om korleis konkurransekomiteen skal organiserast i framtida. Det er viktig med coaching av dei unge utøvarane. Trenarane er i dag basert på frivillighet, det er ikkje godt nok å være god i klatring, ein må og ha ei utdanning. Utøvarane står ofte åleine.

Lars Chr. Stendal: NKF har ikkje lykkes så godt i jobben med konkurranseutøvarane. Dette har vore vanskeleg å handtere, basert på frivillighet.

Utdanningskomiteen

Presentert av leiar for komiteen, Monica Vaksdal.

Det har for denne perioden vore satt ned ein fagleg dyktig komité med personar som har Trener II fjell og sport kompetanse samt lang fartstid som instruktørar. Arbeidet i komiteen skal vere basert på glede og ein jobbar med det som er interessefeltet. Det blir tatt omsyn til at alle er frivillige og at ein ikkje kan forvente for mykje av personar som gjer dette på fritida si. Jobben denne perioden har vore å gå gjennom utdanningsstigen og få revidert enkelte kurs og litteratur, t.d. Trener I sport, metodesett klatring og klatring med barn. Stein Tronstad har skrive boka "Innføring i klatring", ei bok mynta på nybegynnalar og til instruktørar som held kurs. Komiteen har jobba med å inkorporere Bratt kort i utdanninga. Det er også utarbeidd ein kompetansedatabase i samarbeid med DNT, for instruktørar, for betre oversikt og for å få på plass gode re-godkjenningsrutinar. Det har blitt halde eit Trener II fjell seminar i Stavanger som samla 16 deltakrar.

Det kom ingen kommentarar frå salen til utdanningskomiteen.

Bratt kort

Presentert av leiar for komiteen, Sofie Haugom.

Komiteen har fått god hjelp av Are Mellem som var prosjektleiar for utvikling av kortet. Anders Kringstad, styret samt andre ressurspersonar har og vore aktivt med i arbeidet med utvikling og revidering av kortet. Sofie viser til sak om Bratt kort som kjem opp seinare på tinget.

Anleggskomiteen

Presentert av Christopher Brodersen.

Leiar for komiteen Leif Landsverk, som ikkje var til stade på tinget, har hatt ansvar for anlegg ute. Christopher har hatt ansvar for anlegg inne. Anlegg er avgjerande for aktivitet. Leif har vore aktiv i forhold til Kirke- og Kulturdepartementet. Samarbeidet med KKD har opna nye dører for utvikling og bygging av anlegg. NKF skal vere ein høringspart ved bygging av større veggar. NKF har laga kriterium for bygging av eit godt anlegg, ligg på nett. Det er minst ein telefon i veka frå personar som treng hjelp i forhold til bygging av innandørsvegg. Det løner seg å ta kontakt med forbundet tidlig i prosessen, spesielt med tanke på å få anlegget godkjent i forhold til krav gitt av KKD. Fleir brukshaller har vore eit problem, dette på grunn av konkurranse med anna aktivitet. NKF legge til rette for alle firma og prøver å være nøytrale og referer heller til anlegg som er i bruk. Tredje generasjons anlegg. NKF har ingen gode treningsanlegg som kan brukast til World Cup arrangement. NKF har her gått i dialog med KKD for å få eit slikt anlegg. Bergen, Oslo og Tromsø er kontakta og ser på utbygging av eksisterande anlegg.

NKF har laga ein database på nettsida, her kan alle legge inn/fylle på med informasjon om veggar, ruter ute, klubbinformasjon, etc. Klatrefelthåndboka er revidert og vil vere ferdig trykt etter påske. NKF har denne tingperioden fått midlar frå KKD til pilotprosjekt om rebolting i Oslo-området. Dette arbeidet har vi fått gode erfaringar frå. NKF og Leif vil jobbe vidare opp mot KKD for å få dette til å bli ei ordning slik at slikt arbeid kan verte gjennomført andre stadar i landet.

Kommentarar:

Geir Grimeland: Erfaringar rundt Rebolteprosjektet i Oslo er svært positivt.

Irene Andersen: Kven skal ta ansvar for dokumentasjon av re-boltinga?

Lars Chr. Stendal: NKF kan ikkje ta ansvaret, klubbane lokalt må ta denne jobben med dokumentasjon

Christopher Brodersen: NKF skal lage eit hefte om erfaringane gjort i pilotprosjektet.

Komit  for informasjon og web

Presentert av leiar i komiteen Vivian I Hansen.

Ny nettside vart presentert p r f rre ting. Det har heile perioden vore auka behov for informasjon og NKF jobbar aktivt med oppdatering av sida. Det er i gjennomsnitt 1.200 visningar kvar dag. Nyheiter er det st rst interesse for, s  "Bilder/Film" og lenker. Det er gjort ein sp rjeunders king p  nettet om NKF, nettsida og andre ting, denne gav 300 svar. Det vart i 2005 utvikla "Hvor kan jeg klatre!" Her er det lagt inn mykje informasjon i forhold til klubbar og innand rsveggar, men klubbenes m  bli flinkare til   legge inn utand rs felt og. Komiteen oppfordrar at databasen vert brukt og oppdatering. Viktig i forhold til nye klatrarar.

Kommentarar:

Ronny Holm: Framsida er veldig bra men, det stopper der. Diskusjonsforumet er blant anna for lite i bruk. Ein b r bruke tema fr  arbeidsprogrammet, som t.d. brattkort, anlegg m.m. Styret m  dra i gang diskusjonen.

Linett Eriksen: Se Brattesider som eksempel for diskusjon, der syner dei siste diskusjonane p  framsida.

Sikkerhetskomiteen

Sikkerhetskomiteen vart presentert av leiar, Stein Tronstad.

Informasjonsdelen er det viktigaste arbeidet til komiteen. Lett tilgjengeleg informasjon p  www.Klatring.no under sikkerhet.

Komiteen har hovudsakleg jobba med boka "Innf ring i klatring" siste periode, noko som har tatt mykje tid. Komiteen saknar ei betre rapportering av ulykker og hendingar, denne m  bli betre.

12 tabbar - Gjennomgang av ulike ulykker.

- 1: Ikkje sjekke innfesting
- 2: Usikra tauende
- 3: Holde bremsehand h gt
- 4: Gripe om aktivt tau
- 5: Klemme fast l searmen p  Grigrien
- 6: Slippe bremsegrepet
- 7: D rlige mellom forankringar
- 8: Ikkje teste hand- og fottak
- 9: Klatre utan hjelm
- 10: Uforberedt p  "bratt" sn 
- 11: Ikkje sjekke hengaren
- 12: Rappellfeste i eit punkt
13. Ingen kontakt med tau kameraten

Av alle tretten tabbane, handlar halvparten rundt sele.

Inkludering – jenter, funksjonshemma og fleirkulturelle

Presentert av generalsekretær Siri Drageset.

Jenter:

NKF har jobba med føringar frå tinget i 2002, det å få jenter aktive i alle ledd. Til no har vi jobba med dette, blant anna gjennom jentefondet, i konkuransar, i klubbutvikling ved bruk av kvinnelege klubbutviklarar, oppretting av jentegrupper og motivere jenter til å ta på seg arbeidsoppgåver som trenarar og i klubbstyra. Jenteandelen på medlemssida, 6-19 år, har auka kraftig og det er litt fleire aktive jenter enn gutter pr i dag.

Fleirkulturelle:

NKF starta opp eit prosjekt på midlar frå FRIFO våren 2005, dette i samarbeid med klubbane Kolsås og Tromsø. Eit positivt prosjekt som skal vidareførast for 2006.

Funksjonshemma:

NKF har, som det 8. forbundet i NIF, tatt ansvar for klatring som eigen aktivitet i forbundet. Det er stadig fleire klubbar som startar opp med aktivitet for funksjonshemma på oppstartsmidlar frå NKF. Klubbene må bli flinkare til å registrere nøyne medlemmer i idrettsregistreringa. I dag syner den berre 39 funksjonshemma medlemmar i klubb fordelt på sju klubbar. Dette er lagt færre enn den som er verkeleg. Det har vore arrangert ei samling for funksjonshemma på Beitostølen der 16 personar deltok. NKF har fått kr 624.000,- i støtte frå Helse og rehabilitering, over tre år, til arbeid med funksjonshemma.

Klubbutvikling

Presentert av generalsekretær Siri Drageset.

NKF har sidan 2004 fått kr 2.247.000,- til klubbutviklingsarbeid. Midlane NKF får tildelt delast ut på bakgrunn av kvantitative data ut frå statlege mål som ”å arbeide for fleire ungdommar til norsk idrett (6-19 år)”, ”å auke antallet som trenar i regi av norske idrettslag” og ”å styrke frivilligheita i klubbanne”. Det vil seie kor mange kurs vi har hatt, vekst i medlemsmassen 6-19 år, vekst på jentesida, kor mange utdanna trenarar, etc. Vi har delt prosjektet inn i tre delar, Trenar- og leiarutvikling, aktivitetsutvikling og klubbs- og organisasjonsutvikling. Klubbane får, gjennom kommunane og lokale aktivitetsmidlar midlar til drift basera på medlemstal og aktivitet. Det er difor viktig at klubbanne melder inn dei faktiske forhold, tal. Det same gjelder for NKF, som får tildelt midlar til drift basera på innrapportert aktivitet frå klubbanne.

TILTAK	2002	2003	2004	2005
Utdanna Instruktører	22	90	176	
Andre kurs (deltakarar)	40	220	536	
Besøkte klubber	9	61	79	
Nyoppstarta klubber		15	15	
Totalt antall registrerte klubber	110	122	137	149
Klubbbutviklere	2	3	10	
Regioner	2	5	5	
Samlinger	1	4	10	
Antall deltagere på samling	10	163	382	
Jenter med høgre utdanning	9	5	8	
Funksjonshemmede, nyoppstarta grupper	2	3	3	
Materiellutvikling, antall	0	1	1	
Antall medlemmer 0-19 år – jenter	624	912	1445	2063
Antall medlemmer 0-19 år – gutter	892	1334	1567	2040
Total medlemsauke		1352	1944	709
Totalt antall medlemmer i NKF	5670	7022	8942	9671

Kommentarar:

Berit Berg: Inaktive ungdom, dette tok vi opp på førre ting. Det er viktig å rapportere inn all aktivitet og inaktiv ungdom.

Vedtak:

Styret og komiteane sine rapportar vart, med innekommende kommentarar av tinget, einstemming vedtatt.

**Sak 5 Behandling av forbundets regnskap for 2004 og 2005 i
revidert stand.**

NKF sin generalsekretær, Siri Drageset, gjekk gjennom rekneskapen for 2004 og 2005. Det var forventa at rekneskapen, kommentar frå kontrollkomiteen og revisjonsbereting var lest av tingdelegataane på førehand. Det vart gått gjennom hovudpostane. For 2004 gjekk NKF med eit overskot pålydande kr 42.877,- og for 2005 med eit overskot pålydande kr 461.559,-. Speleautomatane og klubbutviklingsprosjektet gir NKF ein god og trygg økonomi til drift av vårt arbeid som hovudsakleg er arbeid for å gjere arenaen for klatreakтивitet for alle sikker og kompetansesterk. NKF nådde i 2005 ei rekordomsetning med 4 mill.

Kommentarar:

Lars Stendal, rekneskapen og balansen viser ein stabil økonomi. Viktig å ha gode reserver. Per 31.12.2005 syner eigenkapitalen kr 1.275.304,-.

Christopher Brodersen: På førre ting i 2004 vart det tatt opp saka kring speleautomatar og den "bismak" dette gir. Tinget ønskte, til tross for bismaken, å ha tilgang på automatmidlar.

Siri Drageset: Ved å tilsette ein ekstra person i administrasjonen er det for dei neste to åra tatt i betraktning at NKF kjem til å vise eit underskot. Vi har vald å investere i ny stilling mot auka kvalitativ aktivitet og mulighet for å sjå etter nye arenaer for friske midlar. Økonomien har gjort at NKF har kunna sette av midlar til langsiktig planlegging.

Vedtak:

Rekneskapen for 2004 og 2005 vart einstemming vedtatt.

Sak 6 Behandling av kontingenter og avgifter.

Lars Chr. Stendal presenterte styrets forslag om kontingenter og avgifter. NKF har eksistert sidan 1992 og har pr dags dato ikkje hatt kontingenter eller avgifter for sine medlemsklubber og -grupper. Lars listar opp fordelar ved å vere medlem som klubb og enkeltmedlem i NKF og kva muligheter som ligg i det å vere medlem. Det vil i framtida bli jobba for nye gode for både klubb og enkeltmedlem slik at det å vere medlem i NKF skal vere nyttig og attraktivt.

Forslaget frå styret på kontingent er frå 0- 50 = 500, -51-100 = 1.000, 101- 200 = 2.000, -201 pluss = 3.500, -. Dette vil gi ei samla inntekt til NKF på kr 250.000,- pr år.

Grunn til kontingent er at NKF dei siste åra har gitt mykje tilbake til klubbane i form av klubbutviklingstiltak. Fleire og fleire klubbar har kome til og dei nye klubbane treng god oppfølging frå forbundet. Etablerte klubbar treng og oppfølging. Å oppretthalde eit godt apparat, eit velfungerande forbund kostar peng. I dag mottar NKF midlar over statsbudsjettet, rammetilskot, midlar frå speleautomatar og diverse prosjektmidlar. Omtrent alle midlane NKF mottar er øyremerka og er ikkje fri midlar. NKF ønskjer å gjere om noko av midlane til frie midlar og kan dette ved å ta medlemskontingent, la denne gå tilbake til klubbane og gjere rammetilskotet meir fritt. Alle midlane NKF får i dag er og usikre midlar, det å få på plass ein medlemskontingent vil bety ei sikker inntektskjelde kvart år.

Kommentarar:

Gunnar Karlsen: Bergen KK har gitt tilbakemeldingar til dette, men saknar ei betre oversikt over kva pengane skal brukast til. BKK ønskjer at NKF kan knytte kontingeneten til nye oppgåver og tenester for klubbane og enkeltmedlemmene.

Eks: Forsikrings ordning til medlemmene.

Berit Berg: Sist ting argumenterte tinget mot kontingent. No har NKF fått mykje fleire medlemmer og med det fører det mange store utfordringar. Tromsø KK takker NKF for at dei nye klubbene har kome i gang. Alle som er med i NKF må vere villige til å bidra for å få eit sterkt særforbund og sterke sjølvdrivne klubbar. Går for forslaget.

Are Mellem: NKF kan bli flinkare til å vise kven dei er.

Kontingent skapar større forventningar for NKF i forhold til NKF's leveranse. Klubbene kan i større grad forvente noko frå NKF.

Ronny Holm: Synes det var eit pysete forslag. Pengane kan vidareutvikle klubbutviklinga og kan gjerne aukast. Meir pengar bør brukast til klubbutvikling.

Christopher Brodersen: NKF har frå stiftinga vore eit annleis forbund. NKF skal ikkje bygge opp eit byråkrati, frivillighet og glede er forbundes viktigaste holdningar.

Ikkje organisering for organisasjonens skyld. Det skal vere eit balansepunkt mellom mange fleire medlemmer rundt kva NKF skal jobbe med. Antal klatrarar i Norge aukar.

Bent Vidar Eilertsen: Midt-Toms Tindegruppe er ein liten klubb. NKF må sjå på kva som er fordelen ved å vere medlem. Styre ser fordelen, men vil medlemmene gjøre dette?!

Eirik Rishaug: Forsikring er noko heilt anna, mykje høre summer. Kontingeneten kan oppfattas som dyr dersom ein skal sjå på enkeltmedlemskap.

Even Bergseng: Teknisk merknad. Forslag til endring: Frå 201 og fleire medlemmer kr 3.500,-. Frå 100 – 200 medlemmer kr 2.000, -.

Lars Chr. Stendal: Styret trekker sitt forslag til fordel for det nye.

Vedtak:

Forbundstinget går einstemming inn for kontingentforslaget

Kontingent satsar frå og med 2006:

0- 50 = 750, -

51-100 = 1.000, -

101- 200 = 2.000, -

201 pluss = 3.500, -

Sak 7 Bratt kort

Leder av bratt kort komiteen, Sofie Haughom, starta med ei kort innleiing om historikk og tanken bak danninga og utviklinga av Bratt kort.

Det har dei siste åra blitt reist mange nye klatreveggar og proporsjonalt med dette har innandørsulykkene auka. Styret og administrasjonen byrja sjå på løysingar som kunne gi ein auka sikkerheit innandørs. Tinget i 2002 gjorde vedtak om å sette i gang arbeidet med eit ferdigheitsbasert adgangskort. Are Mellem starta opp prosjektet i 2002 og sette i gang eit pilotprosjekt på tre plassar, Bø i Telemark, Tromsø og Bergen.

Etter at Bratt kort vart eit faktum har det no gått ut rundt 19.000 kort. Jobben dei siste to åra har gått på å evaluere ordninga og kvalitetssikre kortet som eit sikkerhetssystem innandørs. Tilpassingar av systemet har blitt gjort slik at det ikkje har vore for store hinder for innføring samtidig som dei viktige elementa er ivaretatt. Bratt kort er no innlemma i trenarutdanninga.

Det vidare arbeidet går no ut på å få fleire til å ta i bruk systemet, kvalitetssikre utstedarane, forløpende evaluere og forbetre. Styret ser for seg at dette ikkje lenger er ein komitéoppgåve men ei administrativ oppgåve.

Kommentarar:

Berit Berg: Det er fleire skader i golf enn klatring.

Erik Lingjærde: Golf ekskluderer mange ved at dei som vil prøve ikkje har høve til å gå på bane utan grønt kort

Bjørn Balle: Skal det diskuterast holdningar før gjennomføring/ virkemidlar?

Sissel Kjøglum: Kor gamal må ein vere for å ta bratt kort?

Sofie: 16 år.

Bjørn Balle: Kurs og kurs nivå. Så mange som mulig bør ta kurs. 4 t kurs for å få ein base. Problem å dra alle gjennom 12 timers kurs.

Are Mellem: Brattkort – jobba med dette i den innleiane fasen. Bra å sjå det er forandringar - meir brukarvennlig. Fokus på kortet – 18.000 i fjar. Må ha fokus på arbeid med kortet i klubbene.

Linett Eriksen: Korleis kan ein fornye kortet?

Sofie Haughom: To års intervall, oblat på kortet, dette fornyast når oblat er gått ut – dersom det er meir enn fire år sidan sist må ein ta ny prøve.

Berit Berg: Informasjon folder viktig, alle er klar over kva det ligger i å ta kortet.

Lars Chr. Stendal: Fleire system for Bratt kort – test av sikrar. Må kunne dokumentere at du kan sikre – klubbene må jobbe med rekruttering. NKF anbefaler 12 timers kurs.

Christopher Brodersen: Anlegg og sikkerhet hører saman, men NKF kan ikkje stille krav til anlegg. Men vi ser at det er behov for sertifisering i sjølve anlegget, eit behov for prosedyrar av drift av inne anleggene. Kortet må berre dreie seg om sikkerhet.

Bjørn Balle: Kurs er bra, men terskelen for å delta på 12 timer kontra 4 timers kurs er høy.

Sofie Haughom: Bratt kort står for seg sjølv og har ingen ting med kurs å gjøre. Fritt for klubbene dei erverver seg kunnskapen som skal til for å ta bratt kort.

Are Mellem: Kva kan NKF forlange ut mot klubbene. Har klubbene medlemmer som ikkje har klatreerfaring må det gjennomføres eit 12 timers kurs for å kunne ha kunnskap nok til å ta bratt kort.

Christopher Brodersen: Kva er effekten av bratt kort? Utfordrar sikkerhetskomité å sjå på kva bratt kort har gjort for sikkerheten. Viktig å få ei evaluering.

Stein Tronstad: Ikkje lett å registrere, ulykkesregistreringa er frivillig og ei kan ikkje bruke denne som ein direkte målestokk. Ein kan derimot danne seg eit visuelt inntrykk ved å ta stikkprøver der ordninga har vore i bruk over lengre tid. Sjå på alternative metodar.

Christopher Brodersen: Ved neste ting bør det leggjast fram ei evaluering av kortet.

Lars Chr. Stendal: Viktig å satse på 12 timers kurset for klubbene. Erfaring viser at det ikkje er problem å fylle opp disse kursa, bra for instruktørane og god inntekter.

Sak 8 NKFs handlingsplan for 2006 - 2008

Lars Christian Stendal gjekk gjennom første del av handlingsplanen som omhandlar NKF's visjon, hovudmål, delmål og verdiar. Han legg vekt på felles faktorar som kompetanseoppbygging, bærekraftige klubbmiljø og ansvar for utøvaren og lokalsamfunnet.

Tre klubbar er invitert til å legge fram arbeidet og sin historie, viser til ulike erfaringar ved å drive klubb:

Siggerud KK ved Erik Rishaug

Klubben vart stifta i 2002. Bakgrunn for stiftinga var å ha eit tilbod til barn og unge. Januar 2003 hadde klubben 23 medlemmer og i utgangen av 2005 ca 250 medlemmer. Klubben har innført Bratt kort med ei 12 års grense. Klubben tilbyr eit lavterskels tilbod og det er alltid tre instruktørar tilstasjonert i anlegget når klubben har trening/ope. Mange ungdommar jobbar frivillig med sikring, sal av vaflar m.m. Godt sosialt miljø der hele familien deltar. Det er eit snitt på ca 60 personar på kvar klubbtrening. Klubben satsar mykje på det sosiale som turar og samlingar for heile familien.

Kommentarar:

Sissel Kjøglum: Korleis serve ungdom/barn når dei blir eldre og ikkje vil stå i kø.

Eirik Rishaug: Trur ikkje det blir så mange fleire medlemmer.

Lars Chr. Stendal: Korleis har Siggerud klart å utvikle gode konkurransesutøvarar.

Erik Rishaug: Neste år har vi seks deltakarar i Norgescupen, og vi håper å få ein ekstra treningstid i klatreveggen. Gjennom samarbeid med NKF har klubben skaffa trener til ungdomsgruppa.

Hammerfest KK ved Ronny Holm

Organiserer barn, ungdom og vaksne. Alle gruppene skal tilfredsstilles. Klubben vart stifta i 1998. Klubben eig veggen, men det ligg i kommunen sine lokalar. Barn og funksjonshemma er ei viktig gruppe i klubben.

Klubben møter mykje konkurranse i idrettar med ein ball. Klubben har fått tildelt mykje treningstid, men det førte til at det vart mindre sosialt. Dermed vart det gjort ei endring til to treningsdagar. Det er få foreldre som stiller opp og det er lite med

ressursar. Det har blitt gjort endringar med meir sikkerhet med tanke foreldre med barn, fokus på kven som skulle vere med i klubben. Klubben har eit godt forhold til kommunen. Klubben er avhengig av å ha input utanfrå, frå NKF og god kontakt med kommunen. Gjennom NKF har klubben fått muligkeit til å delta på kurs samt få kontakt med andre klubber m.m. Klubbutviklarar er svært viktig for klubben. Gjennom Bratt kort får klubben profilert NKF til medlemmene.

Bergen KK ved Gisle Andersen

Bergen KK er ein særdeles stor klubb med over 500 medlemmer. Det er eit stort miljø med ulike diverse ulike submiljø, men alle henger saman. Klubbfølelsen er ikkje veldig sterkt blant medlemmene og er absolutt noko klubben burde gjort noko med, å fokusere meir på det sosiale aspekt. Klubben har kontrakt med Bergen Kommune for drift av vegg. Med 500 medlemmer har klubben no nådd ei begrensning på anleggsida og ønskjer å utvide. Sjølv

Kommentarar:

Christopher Brodersen: Kvifor er det mange gode konkurransetøvarar i klubben?
Gisle Andersen: Godt anlegg, kan trenre mykje, stort miljø og lett å bli god med andre gode utøvarar. Mykje trenings kompetanse samt at det er lov å vere god.

Alle deltakarane på tinget vart delt inn i grupper for å jobbe med prosessar for korleis få til betre klubbar og klubbmiljø. Dette vart leia av Jan Eivind Danielsen.

Presentasjon av gruppearbeid

Det kom fram mykje bra frå gruppearbeida og her følgjer ei oppsummering.

- ❖ Styre. Ein treng gode styrer med medlemmer som har ulike roller og kompetanse. Synlege leiarar. Lojalitet til medlemmane.
- ❖ Kompetanse til alle medlemmane i klubben.
- ❖ Lavterskelttilbod.
- ❖ Fokus på det sosiale. Fast kafé dag/samlingsstad. Lage skrytekveld, uformelle konkurransar. Temakveldar som t.d. Nissekveld. Ha det gøy.
- ❖ Gode anlegg.
- ❖ Informasjonsflyt innan i klubben og utad i lokalmiljøet. Gode heimesider.
- ❖ Tilpassa aktivitet til forskjellige grupper, konkurransetøvarar, mødre, foreldre med barn, funksjonshemma, etc. Nå ut til ulike grupper.
- ❖ Minst mulig byråkrati.
- ❖ Betre kontakt mot det offentlege.
- ❖ Finne tak i eldsjeler og få fleire til å gjere mindre.

Oppsummering av Lars Chr. Stendal

- 1: Kidnapp foreldra, dei har ulik kompetanse som klubben kan nyte godt av.
2. Elsk kommunen, alltid. Dei har peng til t.d. anlegg.
3. Organiser klubben. Arranger kurs og diverse arrangement.

Christopher Brodersen:

Handlingsplan: Tinget må få kommentere den presenterte handlingsplanen som skal vere eit rammeverk for det nye styre.

Tinget godtar endringa av dagsorden.

Handlingsplan

Kommentarar:

Berit Berg: Innspel til konkurransekomiteen og styre. Det manglar eit styrka system rundt konkurranse utøvarane som er svært unge. Det er 10-15 samlingar/konkurransar i året, noko som går ut over skulearbeidet. NKF må ta ansvar for unge konkurranse utøvarane, det å lage seg ein langsiktig plan for dette er nødvendig for dei unge utøvarane. Eks: Tromsø fotball utøvar sosialt engasjement, viktig for utvikling som menneske. Vi har i dag A og B lag. B laget får liten/ingen oppfølging frå konkurransekomiteen. Utøvarane som er unge, må ha vaksne personar med ved konkurransar og samlingar, spesielt når dei reiser utanlands.

Geir Grimeland: Dette er eit viktig innspel frå Berit Berg. Klatre sporten er ung.

Idrettsfaglige kompetanse manglar. Det finnes høg friluftslivs kompetanse, men vi må begynne å sjå på ekstern kompetanse. Vi må sjå på kva kompetanse vi treng.

Verdigrunnlaget har endra seg. Nye målgrupper trenger annen oppførsel. Vi inviterer = ansvar. Kva treng vi når vi bygger kompetanse og kva konkurranse former genererer kompetanse.

Berit Berg: det nye styre som helhet bør diskutere konkurranse strategien.

Lars Chr. Stendal: Viktig det Berit seier. NKF har lykkes lite når det gjeld konkurranse aspektet. Styret har diskutert dette nøyte.

Irene Andersen: Integrering har fungert godt med gruppe i Kolsås. Rekruttering av funksjonshemma er vanskelig. Forbundet må jobbe meir med å sjå på aktuelle rekrutteringsformer.

Even Bergseng: Styre må sjå problematikken i konkurranse aspektet. Forbundet må ha det overordna på plass.

Gisle Andersen: Stort problem å løyse alle problema innan konkurranse. Det beste hadde vore å hatt nokon som jobbar 100 % med denne delen.

Akse Sveum: Fint med inkludering, men ikkje for pengane sin del men for lyst.

Berit Berg: Mange er under 18 år i A og B gruppa, bruk foreldra. Har lyst til å vere med som foreldre.

Geir Grimeland: Høgare profesjons nivå, betre kontakta mot utdanningsinstitusjonar.

Sikre profesjonelt nivå ved dei store spørsmåla.

Sissel Kjøglum: Mange rundar i Norgescupen, men ikkje peng, er det samsvar i dette.

Lars Chr. Stendal: Nokre utøvarar legg ned mykje arbeid med klatring, og dei er unge. Todelt elite og bredde/lokalt. Fokusere meir på lokale terminlister.

Are Mellem: Takk til Berit. Viktig debatt rundt konk.

Erik Rishaug: Golf – støtteapparat nytt engasjement.

Iver Martens: Skal ein ta peng frå klubbutvikling må dette gå inn i klubbene/konkurranse.

Lars Chr. Stendal: Styrer har brukt mye tid på å løyse konflikta. Men må løysast ved gitte reimer.

Vedtak:

Tinget slutta seg til NKFs framlagte handlingsplan med dei merknadane som er komne og gir NKF's styre mandat til å ferdigstille arbeidet.

Sak 9 Tingforhandlingar

Budsjett 2006 og 2007 vart presentert av Siri Drageset.

Begge budsjetta viser budsjettår med negative resultat. Dette er på bakgrunn av ny tilsetjing og investering i menneskeleg arbeidskraft. Medlemskontingent er ikkje tatt med. Midlar frå speleautomatar er for 2006 beskjeden budsjettert og er ikkje tatt med i det heile for 2007. For den komande perioden er det kvart år budsjettert ca 1 mill. til drift (lønn, husleige, kontorkostnad, etc.) i forhold til budsjettal som syner 3 mill. i omsetning.

Kommentarar:

Sissel Kjøglum: Korleis ser konkurransekomiteen sitt budsjett ut?

Gisle Andersen: Skal ein satse på konkurranse, må ein bruke midlar.

Eirik Lingjærde: vanskelig å prioritere – satse eller færre utøvarar.

Even Bergseng: Det er ok med langsigkt konkurrancesatsing. Problematisk situasjon her og nå, og den må handterast umiddelbart.

Berit Berg: Vansklig å sette av pengar til noko vi ikkje veit kva er. Ha tiltru til styre.

Bruke tid, trekke inn foreldre og ny kompetanse.

Even Bergseng: Har styret tatt omsyn til og satt av midlar til å følgje opp om unge utøvarar i konkurrancesamanheng?

Lars Chr. Stendal: Det er ingen sjølvfølgje at NKF skal ha totalansvar for utøvarane.

Her må klubbane og ta eit ansvar. Budsjett 2006 og 2007 gir ei klar føring på kva pengane skal gå til i forhold til handlingsplanen.

Even Bergseng: Det høyles ut til at styret er kjent med problemstillinga.

Christopher Brodersen: Styret tar til seg dei sterke signala. Koncurrancesatsinga og ivaretaking av unge utøvarar skal bli tatt hand om som ei av dei første sakene i år.

Forslår at tinget aksepterar dei rammene 2007 gir.

Vedtak:

Tinget vedtok budsjett 2006 og 2007, med innkomne kommentarar, med eit einstemming fleirtal.

NKF har brukt Kjelstrup og Wiggen ANS som revisjonsfirma sidan 2002. Forbundet er særstakt fornøgd med jobben til selskapet og ønskjer å fortsette samarbeidet.

Vedtak:

Revisjonsfirmaet Kjelstrup og Wiggen ANS blei einstemming vald som NKFs revisor for komande tingperiode.

Sak 10 Val

Valkomiteen har for 2004-2006 bestått av Are Mellom som leiar, Lars Audun Nornes som nestleiar og Lars Blix Olsen som medlem. Komiteen har lagt vekt på kvalifikasjonar, kvinner, geografi, fjell, sport og personar med nettverk.

Kvinneandelen er oppfylt, jmf. NIFs lov §2-4 som seier at det skal vere minst 2 kvinnelege representantar frå kvart kjønn i styre, råd og utval, for første gang på fleire år.

Valkomiteen presenterte si instilling til leiar, nestleiar og styremedlem. for NKFs styre for tingperioden 2006-2008, og dei føreslåtte kandidatane var til stede. Dei vart presenterte av Are Mellem.

a) Val av leiar og nestleiar

Som leiar vart Lars Christian Stendal vald.

Som nestleiar vart Christopher Brodersen vald.

b) Val av styremedlem og to varamedlem

Følgjande seks personar vart forslått som styremedlem:

Monica Vaksdal, Sofie Haugom, Iver Martens, Stein Tronstad, Vivian Hansen og Leif Landsverk.

Følgjande fem styremedlem vart valde ved stemmegiving:

Monica Vaksdal, Sofie Haugom, Iver Martens, Stein Tronstad og Leif Landsverk.

Følgjande personar vart forslått og vald inn som varamedlemmer, einstemming:

Vivian Hansen og Geir Grimeland.

Valkomiteen presenterte dei ulike komiteane som er lovpålagt å velgast på tinget. Nokre namn var klare og resterande namn vart valde inn på tinget.

c) Val av kontrollkomité

Følgjande personar vart vald inn i kontrollkomiteen, einstemming.

Leiar: Torbjørn Aass, NTNUI-TG

Nestleiar: Linn Yttervik, BRV

Medlem: Thomas Horgen, NTNUI-TG

Vara: Linett Eriksen, Kolsås KK

Terje Tveitdal, BRV

d) Val av domskomité

Leiar: Dag Kaada, BRV
Nestleiar: Irene Andersen, Kolsås KK
Medlem: Sissel Kjøglum, Hedemarken KK
Vara: Børge Skeiseid, Haualand KL
Eirik Rishaug, Siggerud KK

e) Val av appellkomité

Leiar: Bjørn R. Kirkhaug, Lofoten TK
Nestleiar: Bjørn Balle, Kongsberg KK
Medlem: Erlend Broback, Bodø KK
Vara: Sissel Aronen, Hedemarken KK
Gunnar Karlsen, Bergen KK

f) Val av valkomité

Leiar: Gisle Andersen, Bergen KK
Nestleiar: Berit Berg, Tromsø KK
Medlem: Karsten Haugen, NTNUI-TG
Vara: Michael Helgestad, Kolsås KK
Ronny Holm, Hammerfest KK

g) Val av representant til Idrettstinget og to vararepresentantar

Representant: Lars Christian Stendal
Vara: Christopher Brodersen

Kommentarar:

Gunnar Karlsen: Kommentere arbeidet til valkomiteen. Missnøye ved at valkomiteen kun erstattar dei styremedlemmene som trekker seg.

Christopher Brodersen: Viktig arbeid valkomiteen gjer. Det er gjort mange henvendelser. Alle i styre har stilt sine plasser til disposisjon.

Lars Christian Stendal avslutta og takka for eit vellykka ting.

Gode debattar, kom seint og vi må sjå på korleis få desse fram frå første stund av. Takkar tingforsamlinga for tilliten ved val av nytt styre.

Protokollen er signert og arkivert.

Berit Berg
Tromsø KK

Gunnar Karlsen
Bergen KK